

Saknr: 2020/1398-2
Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 17.03.2020 |

Tilskot til friluftslivsføremål 2020 (Kap. 1420 post 78)

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve kroner 3 100 000 til ulike friluftslivsaktivitetstiltak fordelt slik:

| Nr | Søker | Kommune | Søknadsnamn | Tilråding |
|----|--|-----------|---|-----------|
| 1 | 4H Sogn og fjordane | Sunnfjord | Fritt fram i friluft 2020-2021 | 150 000 |
| 2 | A-lars bruker og pårørende organisasjon for åpenhet om rus og behandling | Bergen | Friluftsliv, ja takk! | 70 000 |
| 3 | Anskot Vel | Bømlo | Tursti Anskot - Våge Skule | 0 |
| 4 | Austrheim idrettslag | Austrheim | Austrheim IL - Padleglede for alle | 90 000 |
| 5 | Austrheim ungdomsklubb | Austrheim | HavGlede | 50 000 |
| 6 | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen | DNT tilrettelagt i Hordaland | 170 000 |
| 7 | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen | Turboklubber i Hordaland | 100 000 |
| 8 | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen | Friluftsskole i Vestland Fylke | 100 000 |
| 9 | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen | Unge naturtalenter | 100 000 |
| 10 | Bergen og Omland friluftråd | Bergen | Skoledager på sjøen - Vi snakkes på fjorden | 400 000 |
| 11 | Bjergvin krets av Norges KFUK-KFUM-speidere | Bergen | Kultur familieløype på Bymanøver | 30 000 |
| 12 | Bjergvin krets av Norges KFUK-KFUM-speidere | Askøy | Kretsleir "Helt grønn" på Herdla | 0 |
| 13 | Bydelsbloggen | Stord | Stord friluftsfestival 2020 | 0 |
| 14 | Bømlo turlag | Bømlo | Friluftsliv for alle | 18 000 |
| 15 | Den vietnamesiske budhistiske speiderfamilien | Bergen | Søknad om tilskudd for 2020 | 0 |
| 16 | Etne røde kors | Etne | Camp Hjornås 2020 | 80 000 |
| 17 | Fjordane Friluftråd | Solund | Kystfriluftsskule Flora | 85 000 |
| 18 | Fjordane Friluftråd | Solund | Friluftsskulane i Bremanger | 84 000 |
| 19 | Fjordane Friluftråd | Solund | Kystfriluftsskulane i Solund | 76 000 |
| 20 | Flora pensjonistlag | Kinn | Kolonihage | 0 |
| 21 | Flora pensjonistlag | Kinn | Generasjonstreff | 0 |
| 22 | Friluftrådet Vest | Tysvær | TellTur i Sunnhordland 2020 - fylkestilskudd | 50 000 |
| 23 | Friluftrådet Vest | Tysvær | Læring i friluft Sunnhordland 2020 | 100 000 |
| 24 | Friluftrådet Vest | Tysvær | Friluftslivets uke Sunnhordland | 50 000 |
| 25 | Friluftrådet Vest | Tysvær | Friluftsskole Sunnhordland | 45 000 |
| 26 | Friluftrådet Vest | Tysvær | Basecamp Sunnhordland | 80 000 |
| 27 | Friluftrådet Vest | Tysvær | Innføring i norsk friluftsliv - Nye landsmenn | 70 000 |

| | | | | |
|----|---|-----------|--|------------------|
| 28 | Haugen idrettslag | Stad | Klenkarberget sommarcamp | 60 000 |
| 29 | Haugesund Turistforening | Haugesund | Naturlosturer 2020 | 50 000 |
| 30 | Haugesund Turistforening | Haugesund | Friluftsliv for alle - hele året | 20 000 |
| 31 | Herdla G35 | Askøy | Båt | 0 |
| 32 | Hordaland krins av Norges speiderforbund | Bergen | Friluftsskole på Landåsfjellet uke 26 | 30 000 |
| 33 | Hordaland krins av Norges speiderforbund | Bergen | Friluftsskole Landåsfjellet uke 27 | 20 000 |
| 34 | Hordaland krins av Norges speiderforbund | Bergen | KULtur - VM i speiding | 0 |
| 35 | Hordaland krins av Norges speiderforbund | Bergen | KULtur NM i speiding | 40 000 |
| 36 | Hordaland krins av Norges speiderforbund | Bergen | Friluftsliv 2020 | 50 000 |
| 37 | Idrett Bergen Sør | Bergen | Stø kurs | 100 000 |
| 38 | Idrett Bergen Sør | Bergen | Utrustet Ung | 80 000 |
| 39 | Kvam Turilag | Kvam | Turkart Kvam herad | 0 |
| 40 | Luster frivilligsentral | Luster | iNNi Luster | 20 000 |
| 41 | Neptur 4H | Tysvær | klubbaktivitet | 0 |
| 42 | Neptur 4H | Kinn | Gratis åpen gård. lavtersketilbud | 0 |
| 43 | NFU Sotra og Øygarden lokallag. | Øygarden | Turgruppe | 6 000 |
| 44 | Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane | Gloppen | Rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv | 80 000 |
| 45 | Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane | Bergen | Fiskeklubben | 12 000 |
| 46 | Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland | Bergen | Wild West | 50 000 |
| 47 | Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland | Bergen | TAM- Undervisningsprogram i fiske og friluftsliv | 50 000 |
| 48 | Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland | Bergen | Fiskecamp for barn og ungdom | 24 000 |
| 49 | Norges Jeger- og fiskerforbund Hordaland | Bergen | Kvinneaktiviteter | 0 |
| 50 | NOSFO (Norsk selvhjelp for flyktninger) | Kinn | Gårdsaktivitet | 0 |
| 51 | NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK | Aurland | Vandring og integrering | 30 000 |
| 52 | Rubbestadneset Grandautval | Bømlo | Oppgradering/sikring av badestranden i Fureneset | 0 |
| 53 | Sande Helselag Nasjonalforeningen for folkehelsen | Sunnfjord | Gåturgruppe i regi av Sande helselag. | 10 000 |
| 54 | Sogn og Fjordane orienteringskrins | Sunnfjord | Skulesprinten og o-trolleirar | 30 000 |
| 55 | Sogn og Fjordane Røde kors | Sunnfjord | Til topps 2020 | 60 000 |
| 56 | Sogn og Fjordane Røde kors | Sunnfjord | Barn og unge som humanitære ressursar | 60 000 |
| 57 | Sogn og Fjordane Turilag | Sunnfjord | Kunnskap gir tryggleik og friluftsglede | 90 000 |
| 58 | Sotra Sportsfiskere | Øygarden | Villmarkscamp | 0 |
| 59 | Stadlandet idrettslag | Stad | Draumeplassen Borgund | 0 |
| 61 | Stiftelsen Crux | Bergen | Turgruppen | 100 000 |
| 62 | Stiftinga Grannehjelpa | Kvam | Fritt fram | 30 000 |
| | Totalt | | | 3 100 000 |

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngeving av vedtaket.

Samandrag

Føremål med tilskotsordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppa for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i einingsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Midlane skal primært nyttast til friluftstiltak som stimulerer til direkte friluftaktivitet og tiltak som legg tilrette for aktivitetstiltak. Dette kan til dømes vere organiserte turar, praktiske kurs, friluftsløyrar eller enkelt utstyr som medverkar til å auke friluftaktivitetane, som til dømes fiskestenger og kompass. Det kan ikkje gis tilskot til utstyrsbankar eller lag og foreningar som vil supplere sitt utstyrslager.

Klima- og miljødepartementet sine føringar ligg til grunn for vurderingane. Fylkesrådmannen har vurdert søknadane i samråd regionalavdelinga og tilskotsordninga for naturforvaltningstiltak og den fylkeskommunale tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge.

Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- pr/time). Det vert ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift. Nokre søknadar omhandlar tilskot til tiltak der prosjektering er ein sentral del av kostnaden. Desse er vurdert i høve til kor mykje friluftaktivitet dei vil kunne skape jamfør retningslinene. Organisasjonar med kontor i Rogaland er tilrådd støtte når tiltaket gjeld tilbod for innbyggjarar i Vestland.

Føremål med ordninga

Føremål med tilskotsordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

| | |
|---|----------------------------------|
| Generelt: | |
| Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3. | |
| Tildelt frå Miljødirektoratet til vidare fordeling i 2020 | kr 3 100 000 |
| Søknadsfrist 2020: | 01.02.2020 |
| Vedtak kriteria: | Rundskriv T-1/19 |
| Kriteria og informasjon om ordninga: | Informasjon |
| Tal på søknadar: | 62 |
| Tal på søknadar innstilt til støtte: | 45 |
| Samla søknadssum: | kr 5 496 300 |

Absolutte kriteria

- Søknadsfristen er 01. februar 2020.
- Det er kun frivillige organisasjonar som er registrert i Enhetsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med tiltak som fremjar friluftsliv som kan søke på denne ordninga.

Vurderingskriteria

Tiltak som kan få tilskot er:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomført i nærmiljøet, med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.
- Tiltak retta mot personar som er lite fysisk aktive.
- Tiltak retta mot barn, unge og barnefamiliar
- Tiltak retta mot personar med nedsett funksjonsevne.
- Tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuell målgruppe.
- Areal som blir eller vil bli intensivt nytta av store folkegrupper, og som bør leggjast til rette for friluftslivsføremål vert prioritert.
- Landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag har høg prioritet.
- Søknader som er handsama og prioriterte i ein kommunal prosess etter plan- og bygningslova vil bli prioriterte.
- Ordninga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak frå dette er bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftslivsamanheng i området.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vestland fylkeskommune er for 2020 tildelt kr 3.1 mill frå Miljødirektoratet til vidare fordeling.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Vedlegg:

Oversikt over forslag til tildeling med skildring av tiltak og vurdering.